

Språklivleg: Freddy Fjellheims bøker er ein fabulerande trilogi over sjølv.

Overskridande tvisyn

Når forfattere Freddy Fjellheim fyller 60 år i haust, blir det feira med boka «3 bøker». Det er ei samlebok bestående av tre tidlegare utgjevingar frå Fjellheims hand: «1.Olsens Bok» (1983), «Smaragden» (1989) og «Rov» (1995).

Dei tre bøkene utgjer eit tverr- og lengdesnitt i eit mangfelt forfatterskap. Det fremste kjenneteiknet på Fjellheims litterære stil, er at bøkene hans ikkje dyrkar éin bestemt stil, men fleire stilregistre samstundes. Sjangeroverskridinga, eller hybridiseringa, synest å vere implementert som ufråvikeleg prinsipp i skrivinga hans.

Kjærlighetsforteljinga «Smaragden» er den av dei tre bøkene der sjangermangfaldet er mest iaugefallande, med tydelege oppdelte sekvensar i fiksjonsprosa, sakprosa, sakprosadikt, prosalyrikk og dikt. Likevel går ikkje den streitaste prosaboka blant dei tre, «Rov», med sine sju noveller skrivne i sosialrealistisk stil, fri: Lyriske passasjar blir sprengd inn i prosaen, eller så tverrar forfattere ut den realistiske skrivemåten slik at teksten formeleg byrjar å vri seg or sjangeren. «Konvensjonens språk er voldelig, med et fenniss av mild, sunn fornuft», reflekterer protagonisten i sistenovella 'Blod'.


I debutboka «1.Olsens Bok» er den retoriske interessa heller ingen løyndom. I eit mellomord listar den pseudonyme forfattere opp «novelle, skisse, fortelling (...) hån, lyrikk, belæring». Og eg kan for eigen rekning leggje til

fabel, eventyr, segn, myte, parabel og ordspråk. Fordi dei 22 biografiane som utgjer hovudtekstane i debuten er omgitt av andre tekstar – titlar forord, mellomord, etterord og sitat frå ei ikkje-

ROMAN

Freddy Fjellheim
3 bøker

Cappelen Damm 2017, 424 sider



eksisterande «2.Olsens Bok» – kan ein lett gå seg vill i den litterære konstruksjonen, og gløyme å lese dei 22 biografiane nøye. Dei er fabulerande gravsongar over den ukompliserte, naive identiteten. I biografiane blir nidstenger reist og forfattere kombinerer satire, skjemt og alvor. Han skriv bibelske parabler/likningar over ulike fenomen som seksuell overskriding, konformisme og korleis møte og handtere det framande. I det ytre er Fjellheims debutbok eit oppgjær med varesamfunnet og boka som vare, i det indre er det ei bok om overgangen til ei ny identitetsforståing.

Kva er den edle kjernen i sjangerkonglomeratet «Smaragden»? Edelsteinen smaragd er jo slett ikkje ein blanda, samansett bergart.

Rammeforteljinga, som handlar om lengta og jakta etter kjæresten Gabrielle i Palermo, vekslar med sakprosa-, dikt- og prosadiktsekvensar som har ulikt innhald, men kan relaterast til hovudforteljinga. Undertittelen på boka er «Sekvenser». Lesaren får i «Smaragden» altså ei rekkje av tekstar eller steinar, som til saman dannar



JUBILANT: Freddy Fjellheim feirar 60 år med å gje ut tre tidlegare romanar.

FOTO: MAJA HATTVANG

eit kjede eller eit smykke. Om smykket er ei rekkje eller blir ein ring og bit seg sjølv i halen, skal her vere usagt. Framsett så held «Smaragden» fram og peikar mot det uendelege. Rammeforteljinga blir etter kvart heimsøkt av ein aukande tvil om Gabrielle faktisk eksisterer, eller berre er ein emosjonell og språkleg fiksering hos eg-et. «Smaragden» framstår meir og meir som ei undersøking av kjærlighets, lengtas og forføringas språk.

«Rov», med undertittelen «Folkelivsskildring», inneheld sju forteljingar eller noveller. Ordet «rov» tydar å røve eller å bli bytte for nokon, og Fjellheims skrivemåte verkar her å ha blitt eit bytte for realismens framstillingsform, samstundes som personane i forteljingane i ulik grad er fanga og røva av dei sosiale og språklege spela. I opningsforteljinga 'Kino' forelskar den unge eg-personen seg i ei med ein annan

klassebakgrunn og matrest av classesviket. I fleire forteljingar blir lesaren vitne til dei falske fasadane i den utdanna middelklassen. I andre får ein ta del i klasse-reisa og oppbrotet frå familiebakgrunnen. Det går sjølv-sagt ei utydeleg line frå den første forteljinga til den siste, der hovudpersonen blir innlagd på psykiatrisk sjukehus, og tonar ut i eit krast og treffande politisk testament over vår tid: «Mennesker vil oppdra barn, uten å oppdra seg selv. Vil hjelpe andre uten å tilintetgjøre seg selv. Vil kjenne behag, uten å anerkjenne ubehagets skyggeside».

Folkelivsskildringa er eit barn av romantikken. Og romantikken fann opp individet. Fjellheims folkelivsskildringar demonstrerer det som verkar sjølv-sagt, men er eit paradoks: at det individuelle finst i alle. Og når det individuelle blir opphøgd til allmenn politikk, blir det

også, slik Fjellheim syner, til ei sosial og politisk tvangs-trøye.

«1.Olsens bok» er også oppteken av det som openbert modererer sjølvets suverenitet, som gjer at alle menneske finst i mennesket. Slik går det både ei og fleire felles liner gjennom desse tre bøkene. Sjølv-sagt vil nokon irritere seg over den sjølvrefleksive skrifta, språkkonstruksjonen, det metalitterære preget, alt dette som høyrer åttitallsliteraturen til. På meg verkar det derimot frigjerande å oppleve litteratur som er driven fram av oppdagingstrong og erkjenningstilje. Eg les «3 bøker» av Freddy Fjellheim som ein fabulerande og språklivleg trilogi over sjølv, individet og den problematiske identiteten. Blikkar ein ut i verda, eller rettare, inn i skjermen, er det jo berre det konstruerte og isolerte individet ein ser, likevel.

Sindre Ekrheim

bokmagasinet@klassekampen.no

DANSENS
HUS

OSLO DANSE ENSEMBLE

Salve Regina, 9.-17. desember

Opplev åtte sterke dansere i Jo Strømgrens koreografi! *Salve Regina* og det første samarbeidet mellom Jo Strømgren Kompani og Oslo Danse Ensemble.

Billetter og informasjon:
dansenshus.com